



saksframlegg

Dato:	Referanse:	Vår saksbehandlar:
20.01.2020	5298/2020	Tor Harald Hustad

Saksnr

Utval
Kontrollutvalet

Møtedato
28.01.2020

Oppfølging av Tilsynsrapport frå Det Interkommunale Brannvernet (DiB) vedkomande oppgradering etter tunnelsikkerheitsforskrifta

Bakgrunn

I sitt møte 28. august 2019, behandla kontrollutvalet tilsynsrapport frå Det Interkommunale brannvernet (DiB). Tilsynsrapporten er utarbeidd på basis av gjennomført branntilsyn på dei fylkeskommunale tunnelane som fall inn under DiB sine kommunar på Sunnmøre.

Kontrollutvalet fatta følgjande vedtak:

Samrøystes vedtak i Kontrollutvalet - 28.08.2019 (KO-44/19)

1. *Kontrollutvalet tar rapporten frå Det interkommunale brannvernet (DiB) til orientering.*
2. **Kontrollutvalet ber kontrollsjef følgje med på utviklinga i saka, og sjå til at pålegget i saka blir handtert tilfredsstillande, med tilbakemelding til kontrollutvalet. (MIN UTHEVING)**

Tilsynsrapporten til DiB avdekkja følgjande observasjonar/avvik som fortsatt stod att for nærare oppfølging:

Avvik 1 – Fylkeskommunen har ikkje lenger ein reell handlingsplan for gjennomføring av tiltak som må utbetrast for å tilfredsstillende krava til brannsikkerheit i høve tunnelsikkerheitsforskrifta. Fylkeskommunen har tidlegare referert til ein fastlagd handlingsplan der alle naudsynte tiltak for fylkestunnelane skulle vere ferdigstilt innan 1. januar 2025, i tråd med fristforlenga fylkeskommunen er innvilga. Denne handlingsplana gjeld ikkje lenger, ettersom oppgraderingar av tunnelane no er tatt ut av investeringsbudsjetta i økonomiplana.

Pålegg: Tunnelleigar må følge tidligare vedtatte handlingsplan, og utbetringar må vere fullført innan 1. januar 2025.

Problemstillinga er soleis fylkeskommunen sin mangelfulle plan for oppgradering av tunnelane i samsvar med tunnelsikkerheitsforskrifta. DiB varsla i sin rapport om følgjande aktuelle reaksjonsformer om ikkje oppgraderinga er fullført innan 1. januar 2025:

- Vedtak om pålegg (retting av avvik innan ein frist)
- Vedtak om tvangsmulkt (engangsbeløp eller dagbøter)
- Vedtak om heil eller delvis stans av verksemd (stenging av tunnelane)

Fylkeskommunen sitt tilsvar ved Statens vegvesen – SVV på det observerte avviket, er følgjande:

Avvik1:

Fylkesrådmannen har skreve et saksfremlegg som har blitt behandlet under Fylkesutvalgmøtet 27.06.2019.

Det ble her vedtatt at Fylkesrådmannen skal utrede saka vedrørende oppgradering av fylkesvegtunneler til Fylkestinget desember 2019.

Tilsvaret frå SVV (på vegne av fylkeskommunen), referer seg soleis til vedtak i fylkesutvalet sin sak U-76/19 i deira møte 27. juni 2019

Samrøystes vedtak i Fylkesutvalet - 27.06.2019 (sak U-76/19)

- *Fylkesutvalet tar orienteringa til vitande.*
- *Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen om å svare DiB Ålesund ved å vise til vedtaka i denne saka.*
- ***Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen om å kome tilbake med ei utgreiing av moglegheitsrommet (tid, finansiering, kapasitet mv.) i denne saka til Fylkestinget i desember. (MIN UTHEVING)***
- *Fylkesutvalet ber om at det blir arbeidd for at staten fortset å kompensere for kostnadene knytt til tunnelsikring i samsvar med tunnelsikkerheitsforskrifta.*

For informasjon om sjølve tilsynsrapporten med tilsvar, er lagt ved:

- **Vedlegg 1: Tilsynsrapport frå DiB**
- **Vedlegg 2: Svar frå SVV til DiB (fylkeskommunen sitt tilsvar)**

I tråd med kontrollutvalet sitt vedtak om å følgje med på utviklinga i saka, har kontrollsjefen observert at det ikkje blei fremma sak til fylkestinget i desember 2019, om finansiering, kapasitet mv vedkomande oppgradering av tunnelane i samsvar med tunnelsikkerheitsforskrifta.

For å unngå at fylkeskommunen ikkje etterlev lov og forskrift, er det derfor sentralt for kontrollutvalet å halde seg oppdatert om fylkeskommunen sitt arbeid når det gjeld oppgradering av tunnelane.

Vurdering

Det er 61 fylkesvegtunnelar i Møre og Romsdal med eit samla registrert oppgraderingsbehov på omlag 3,4 mrd. kroner for å fjerne etterslep.

Tunnelsikkerheitsforskrifta gjeld tunnelar som er i bruk, under bygging eller under prosjektering med veglengde på over 500 meter og med gjennomsnittleg årsdøgntrafikk (ÅDT) på 300 køyretøy eller meir. Forskrifta stilte krav om at krava til sikkerheita, skulle vere fullført innan 1. januar 2020. Møre og Romsdal fylkeskommune søkte og fekk utvida fristen for å oppfylle krava i tunnelsikkerheitsforskrifta innan 1. januar 2025.

I Møre og Romsdal er førebels 2 tunnelar oppgradert. Dette er Godøytunnelen og Fannefjordtunnelen. Det er omlag 30 fylkesveggtunnelar i Møre og Romsdal som står att og som førebels ikkje er i tråd med sikkerheitsforskrifta. Kostnaden for utbetring for dei resterande tunnelane er berekna til omlag 1,1 mrd. kroner. Dette kjem fram i Statens vegvesen (SVV) sin rapport frå 2019 «Forfall på fylkesvegnettet i Møre og Romsdal».

- **Vedlegg 3: Rapport om fylkesvegforfall i Møre og Romsdal**

Mangelfull etterleving av tunnelsikkerheitsforskrifta kan føre til at tunnelar blir stengd, jamfør aktuell reaksjonsform frå DiB (sjå tilsynsrapporten i vedlegg 1). For kontrollutvalet er oppfølging av denne saka derfor viktig.

Som ledd i arbeidet for å informasjon om korleis fylkeskommunen planlegg etterleving av tunnelsikkerheitsforskrifta, har kontrollsjefen derfor bedt fylkeskommunedirektøren ved fylkesvegsjef Ole Jan Tønnesen om å orientere nærare om situasjonen.

Dersom det i orienteringa ikkje kjem fram spesielle moment, vil kontrollsjefen tilrå kontrollutvalet å treffe følgjande vedtak:

Forslag til vedtak:

1. Kontrollutvalet tar orienteringa om oppgradering etter tunnelsikkerheitsforskrifta til etterretning.
2. Kontrollutvalet ber kontrollsjef fortsatt følgje med på utviklinga i saka, og sjå til at pålegget i saka blir handtert tilfredstillande, med snarleg tilbakemelding til kontrollutvalet.

Tor Harald Hustad
kontrollsjef

Vedlegg

- 1 Tilsynsrapport frå DiB
- 2 Svar frå SVV til DiB (fylkeskommunen sitt tilsvaret)
- 3 Rapport om fylkesvegforfall i Møre og Romsdal